



Flå kommune

HEFTE PROSJEKTTJENESTE

Kristenbrøtvegen 12
3550 GOL

| | | | | |
|-------------|------------|------------|------------------------|------------------|
| Deres ref. | Vår ref. | Dato | Delegert til | Delegert saksnr. |
| AR731349297 | 2026/184-5 | 05.05.2026 | Delegert kommunestyret | 146/2026 |

11/39 - Utslepp- og igangsettingsløyve for avløpsanlegg - Heiengen

70

Tiltakshavar: Adham Abdulhalim Albadwi **Adresse:** Heiengen 70, 3539 Flå
Søkar: Stein Hefte **Adresse:** Kristenbrøtvegen 12, 3550 Gol
Tiltakstype/- art: Rehabilitering av avløpsanlegg / Sanering å bygging av nytt avløpsanlegg
/ Slamavskiljar og biologisk forbehandling

Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning - Hallingdal gjev heimelshavaren løyve til utslepp av inntil 5 pe sanitært avløpsvatn frå eigedommen 11/39, med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løyve til å setje i gang bygging av separat avløpsanlegg er gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 21-4.

SAKSOPPLYSNINGAR OG VURDERINGAR:

| | |
|-------------------------|--|
| Saksopplysningar | Stein Hefte har sendt inn søknad om utsleppsløyve for bustad på eigedom 11/39 og ein søknad om å setje i gang tiltak for å byggje infiltrasjonsanlegg. Anlegget er sett saman av ein 4 m ³ slamavskiljar og 20 m ² infiltrasjon fordelt på 2 x 10m infiltrasjonsgrøft. Utsleppet er dimensjonert til 5 pe. Grunnundersøkingar og anleggsdimensjonar m.m. fylgjer av søknaden om utsleppsløyve datert 13.04.2026 |
|-------------------------|--|

| | |
|--|--|
| | Flå kommune har vedteke ei lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming, jf. forureiningslova § 52 a og § 11-4 i forureiningsforskrifta. Tiltakshavaren må betale eit gebyr på kr. 4 000. |
| Planstatus / bygg i området: | Bustaden ligg innanfor område der det er tillate å byggje bustadar spreidd. Rehabilitering av avløpsanlegg er ein viktig del av bustaden å kjem ikkje i konflikt med overordna regelverk. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med vasstrengen, strandsona eller vassdragsnært areal. |
| Avstand til drikkevasskjelder / vassdrag: | Den innsende dokumentasjonen syner at det ikkje er registrert drikkevasskjelder nærare enn 100 meter nedstraums frå infiltrasjonsarealet. |
| Uttale frå helseråd/ kommunelege: | Det er ikkje innhenta uttale. |
| Naboar: | Nabovarsel er sendt inn 09.11.2025, og det er ikkje komme inn merknadar til det omsøkte tiltaket. |
| Naturmangfaldlova: | For alle saker som er aktuelle for naturmangfaldet, følgjer det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurderte og vektlagde i saka. Det er sjekka ut i Naturbasen til Miljødirektoratet og i artskartet til Artsdatabanken om tiltaket påverkar natur. Det er i området ikkje registrert prioriterte artar, truga eller nær truga artar på Norsk raudliste for artar 2015, utvalde naturtypar eller truga eller nær truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018. Det er ikkje kjende registreringar av spesielle naturverdiar i området nær det omsøkte tiltaket. Tiltaket fører ikkje til inngrep som gjer at det må hentast inn nye data eller kunnskap om biologisk mangfald. Kravet i § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er oppfylt. |

| | |
|----------------------------|---|
| | <p>Med bakgrunn i at naturmangfaldet i liten grad vert påverka, og at det ikkje kan visast til negative effektar av tiltaket på verdifull natur, vert det lagt til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere grundigare vurderingar etter dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova om å fatte offentlege vedtak vurderer me som oppfylte.</p> |
| Andre myndigheiter: | Ikkje relevant. |
| Konklusjon: | <p>Tiltaket gjeld rehabilitering av eksisterande anlegg / sanering og bygging av nytt frå eksisterande bustad.</p> <p>Det er vurdert at tiltaket ikkje vil føre til terrenginngrep eller endring av terrenget slik at viktige naturverdiar vert reduserte.</p> <p>Tiltaket kjem ikkje i konflikt med vassstrengen, strandsona eller vassdragsnært areal.</p> <p>Prosjekterande har på bakgrunn av utførte grunnundersøkingar konkludert med at eigedommen har forhold på staden som kan brukast til naturleg infiltrasjon. Det blir likeins valt å nytte biologisk forbehandling for redusere arealet som skal nyttast for avløp.</p> <p>Søknaden er komplett og i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4.</p> <p>Så framt anlegget vert bygd i tråd med prosjektering og gjeldande standard finn Kommunalt Avløpstilsyn – Hallingdal det forsvarleg å gje løyve til utslepp av inntil 5 pe frå eigedomen 11/39, adresse Heiengen 70</p> |

VEDTAK:

Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning - Hallingdal gjev følgjande løyve(r):

Utsleppsløyve

Vedtaket er gjeve med heimel i forureiningslova §§ 9 og 11 og forureiningsforskrifta kap. 12, jf. § 12-5.

Løyve er gjeve på desse vilkåra:

- 1) Dette utsleppsløyvet gjeld for bustad på eigedomen 11/39, adresse Heiengen 70. Løyvet gjeld for 5 pe.
- 2) Den lokale forskrifta og standardkrava gjevne i forureiningsforskrifta kap. 12 skal oppfyllest:
 - § 12-7 Avløpsnett
 - § 12-8 Utslipp til følsamt og normalt område
 - § 12-10 Dokumentasjon av reinsegrad
 - § 12-11 Utslippested
 - § 12-12 Lukt
 - § 12-13 Utforming og drift av reinseanlegget
- 3) Borebrønn skal registrerast i GRANADA (NGU sin nasjonale grunnvassdatabase).
- 4) Skulle det oppstå forureining av andre sine drikkevasskjelder / resipient er anleggseigaren ansvarleg.
- 5) Det skal setjast ned peilerøyr i infiltrasjonsbassenget for å kunne peile vasstanden. Det bør vere to peilerøyr, eitt i kvar ende av infiltrasjonsbassenget. Peilerøyra skal minimum kontrollerast årleg.
- 6) Er tiltaket / delar av tiltaket plassert på annan eigedom skal det ligge ved skriftleg avtale.
- 7) Avløpsleidningane skal leggjast så skånsamt som mogleg i terrenget, og leidningstraseen skal ein så til på best mogleg måte.
- 8) Det må ikkje plantast tre eller buskar over eller nær anlegget sidan rotsystemet kan vekse inn i og tette røyrsystemet.
- 9) Slamavskiljaren skal tømmast etter den lokale forskrifta om tømning.
- 10) Anlegget skal sikrast mot frost og dekkjast over med stadlege massar, jf. prinsippskisse.
- 11) Avløpsanlegget skal dimensjonerast, byggjast og drivast etter kjende metodar eller norsk standard. Dokumentasjon skal utførast av ein nøytral fagkyndig. Det skal dokumenterast med bilder ved søknad om ferdigattest
 - VA/Miljø-Blad nr. 59 Lukkede infiltrasjonsanlegg
 - VA/Miljø-Blad nr. 48 Slamavskiller
 - Leggeanvisning og dokumentasjon for biomodular skal følgjast
- 12) Infiltrasjonsanlegg skal vedlikehaldast og kontrollerast årleg.
- 13) Skulle det koma offentleg eller privat avløpsleidning nær det innvilga anlegget, må tiltakshavaren kople seg til dette – jf. forureiningslova § 23.
- 14) Løyvet kan i alle høve kallast attende eller endrast etter 10 år, jf. forureiningslova § 18.

Løyve til å setje i gang bygging av separat avløpsanlegg

Vedtaket er gjeve i medhald av plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 21-4, jf. ny forskrift som gjeld frå 01.07.2010 om saksbehandling og kontroll (SAK10) §§ 5-1,5-4 .

Løyvet er gjeve på desse vilkåra:

1. Dersom det under anleggsarbeid dukkar opp kulturminne som automatisk er freda, må arbeidet straks stansast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.
2. Løyvet fell vekk dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år. Det same gjeld om arbeidet stansar i lengre tid enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
3. Anlegget må ikkje takast i bruk utan at ferdigattest/ midlertidig bruksløyve er gitt jf. pbl. § 21-10. Revidert gjennomføringsplan skal vera med søknad om ferdigattest. Dette gir grunnlag for utskrivning av ferdigattest.
4. Tilkomstveg for tømning av avløpsanlegg skal tilfredstille krav sett i lokal forskrift om tømning av avløpsanlegg. Dette skal dokumenteras ved søknad om ferdigattest.
5. Tiltaket skal dokumenterast med foto, ved innsending av søknad om ferdigattest.
6. Dersom tiltaket / delar av tiltaket flyttast til annan eigedom skal skriftleg avtale leggest ved søknad om endring eller ferdigattest.

| Desse føretaka har erklært ansvarsrettar for dette tiltaket: | | | | |
|---|--------------|-----------------------------|-------------|--------------------------------|
| Funksjon | T.kl. | Føretak | Dato | Ansvarsområde |
| SØK/PRO | 1 | Hefte Prosjekttjeneste | 02.02.2026 | Søknad og prosjektering |
| UTF | 1 | Lislegård maskin AS | 13.04.2026 | Avløpsanlegg |
| UTF | 1 | | | Grunn- og terrengarbeid |
| Godkjend situasjonsplan | | | | |
| Teikning nr. | | Teikning namn | | Dato |
| 1 | | Situasjonsplan avløp | | 09.11.2025 |



Informasjon om klagerett

Part eller annan med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl.) §§ 2 fyrste ledd bokstav e og 28. Klagefristen er 3 veker frå vedtaket er motteke, jf. fvl. § 29. Klaga må innehalde datoen for kva tid vedtaket vart motteke, kva vedtak ein klagar på, endringar klagaren ynskjer, og kva grunnar klaga støttar seg på. Klaga må vere underteikna.

Sjølv om du har moglegheit til å klage, kan vedtaket normalt gjennomførast straks. Om du meiner vedtaket må få utsett iverksetjing inntil klagefristen er ute eller klaga er avgjort, kan du be om det, jf. fvl. § 42. Vedtak om utsett iverksetjing kan du ikkje klage på. Klaga skal sendast skriftleg til den kommunen tiltaket er plassert i.

Du kan ikkje reise søksmål om gyldigheit eller erstatning som følgje av vedtaket, utan at du har nytta klageretten din, og klaga er avgjort av den høgste klageinstansen som står open, jf. fvl. § 27 b. Om det har gått 6 månader frå du framsette klaga fyrste gong, og det ikkje er din feil at klageinstansen ikkje har avgjort saka, kan du likevel reise søksmål, jf. fvl. § 27 b.

Med hilsen

Glen Arvid Valstad
Saksbehandlar

Elektronisk godkjent uten signatur

Vedlegg

1 Kart 500

- 2 soknadsskjema-utslipp-av-avlopsvann-11-39-Flå
- 3 Gjennomføringsplan

Kopi til:

ALBADWI ADHAM ABDULHALIM

Heiengen 70